




Volda 07.11.05

Til
Barne – og familiedepartementet
Postboks 8036
0030 Oslo

Vedkomande høyring på framlegg til revidert rammeplan for barnehagen.

Vedlagt følgjer høyringsuttale frå Høgskulen i Volda.

Med helsing

Anne Oie
dekanus



Høyringsuttale på utkast til revidert rammeplan for barnehagen. Frå Høgskulen i Volda

1. Innleiing

Planen sitt omfang

Rammeplanutkastet har blitt stramma inn med tanke på omfang, slik at han kan vere lettare enn tidlegare å få innsikt i for ulike målgrupper.

Barnehagen sitt samfunnsmandat

Rammeplan for barnehagen bør gi klare signal om kva som skal vere barnehagen sitt mandat, og stille klare krav til innhald og kvalitet. Forventingane til barnehagen må vere tydelege. Vi etterlyser difor ein innleiande del som klargjer barnehagen sitt mandat og innhald og som set fokus på at vi lever i eit samfunn som er prega av mangfald av språk, kultur og religion. Det er ikkje nok at barnehagen eit "velferdstilbod" til foreldra. (Jfr. pkt 1.1)

Planen er inkonsistent

Forslaget til ny rammeplan er på mange punkt inkonsistent og sjølvmotseiande. Det teoretiske grunnlaget for felles forståing og refleksjon er utydeleg, usamanhengande og til dels sjølvmotseiande fleire stadar i dokumentet.

Innleiingsvis blir det framheva at planen har eit heilskapssyn på barn. Dette held seg ikkje opp. Planen har "universell utforming" (pkt 2.6), men er inkonsistent på det universelle. Døme her kan vere det store fokus samiske barn har fått i planen, og å nemne "kjønnslemlestelse" (pkt. 8.3), når mange andre kategoriar mishandling er utelatne.

2. Generell omtale.

Pedagogisk grunnsyn, syn på barn, vaksne og læring

Det pedagogiske grunnsynet synest å vere endra i retning av ei meir instrumentell og praktisk tilnærming til både sentrale målsettingar og metodar. Store delar av planen målber eit romantisk, utviklingspsykologisk, vekstpedagogisk grunnsyn. Han legg stor vekt på individet og er mangelfull med tanke på samspel og sosiale relasjonar og har lite fokus på barnet som kompetent og utforskande.

Ein registrerer ei klar nedtoning av førskulelærar sin profesjon og rolle. Planen fokuserer for einsidig på barnehage tilsette generelt ved å bruke nemninga " personalet", noko som indirekte svekkjer førskulelærarutdanning og tyding av ein reflektert og kompetent pedagogisk leiar i barnehagen.

Synet på læring som kjem fram i planen, ser dessutan ut til å legge større vekt på formell læring enn tidlegare. Vi ser positivt på at barnehagen som læringsarena vert styrka og at det vert retta fokus mot ulike former for læring i kvardagen, men må ikkje gå på bekostning av dei viktige kvardagsaktivitetane som i planen vert degradert til "hendelser"(pkt 2.5) Vi er skeptiske til omfattande bruk av læringsmål i barnehagen, og fryktar at desse vil auke det formelle læringstrykket.

Den viktige leiken

Leiken har fått ei underordna rolle i forslaget og planen er for defensiv i høve til leik som ein viktig læringsarena. Innhaldskategorien leik er sterkt nedtona og må styrkast. I kapittel 2.1 må leiken tre fram som eit av dei sentrale omgrepa, saman med omsorg, oppseding og læring. Planen er dessutan for lite tydeleg på dei vaksne si rolle knytt til leik og stiller dei vaksne på sidelina i høve til variert bruk av leik. Når leiken har fått så lite plass i planen, ser vi ein fare for at han kan bli pressa mellom på den eine sida ei skuleorientert vinkling og på den andre sida ei omsorgsorientering. Den spontane og naturlege leiken er hovudkjelda til barns erfaringar med omverda, problemløysing, tenking, kommunikasjon, utvikling av sosial kompetanse og identitet.



Verdigrunnlaget

Verdigrunnlaget er sterkt innstramma i forhold til Rammeplanen frå 1995. Det er uheldig at verdigrunnlaget og såleis den nasjonale kulturarven blir omtala så lite nett i ei tid då barna i møte med det nye treng å ha ei historie. Det er viktig for barna å ha røter for å kunne danne ein trygg kulturell identitet som grunnlag for sosialisering til samfunnsdeltaking.

Målformuleringar

Kompetanseomgrepet eller "Capacity building" som tek opp i seg det som har med utvikling av heile menneske å gjere er erstatta av "ferdigheter" og "evner". Ein registrerer i denne samanheng også ei klar svekking av fokus på den sosiale kompetanse, kommunikasjon og kreativitet. Dette er ei type tilnærming som i sterk grad må ta utgangspunkt i barnet sine føresetnader, erfaring og kompetanse.

I kap. 6: Barnehagens fagområder, vert det i innleiinga (6.1.) presisert at ein nyttar prosessmål "for barnas utvikling og læring" og ikkje kunnskaps og ferdigheitsmål. Dette vert ikkje gjennomført i dei ulike fagområda, der ein finn alle desse målkategoriane i målformuleringar.

Elles kan det å nytte nemninga kompetansemål i staden for ovanfor nemnde målkategoriar løyse denne floken.

Dokumentasjon/observasjon

Det kan sjå ut til at bruk av observasjon skal nedtonast og vere eit unntak som skal nyttast berre i særskilde situasjonar. Observasjon er ein føresetnad for høg kvalitet i det pedagogiske arbeidet. Målet må vere at personalet utviklar ei observerande grunnhaldning og dette må inn som del av kapittel 2.5 om innhald og arbeidsmåtar. Elles vil gruppa oppmode om å bruke omgrepet dokumentasjon slik at det blir i samsvar med datatilsynet, foreldre og personregister.

Uheldig bruk av omgrep/ formuleringar.

Fleire stader i dokumentet møter ein ord og omgrep som gir negative konnotasjonar. Vi har tidlegare nemnt omgrepet "hendelser" brukt om viktige kvardagsaktivitetar. Det gjeld òg bruk av "personalet" som er med å flate ut skilje mellom fag – og ufaglærde. I pkt 2.6 vil ein be om at nemninga "funksjonsnedsettelse" vert erstatta. Viser elles til at setninga i kap 5.1, "lek kan også brukes som arbeidsmetode og pedagogisk virkemiddel", må bort. Leiken ER både arbeidsmetode og pedagogisk verkemiddel.

3. Fagdel

Estetiske fag:

Dei estetiske fagområda blir handsama under eitt. Dette er uheldig ved at kvart enkelt fagområde blir usynleggjort og det faglege innhaldet blir diffust. Kvart av dei estetiske fagområda skulle ha vore handsama for seg i planen, slik at dei ulike sidene ved faga og arbeidsmåtar knytt til dei vart løfta tydeleg fram.

Drama: Dramafaget blir spesielt dårleg handsama i denne planen og blir nemnt berre som teater under innhald, under mål som "ferdigheter" i drama. Faga si nære tilknytning til lek er utelate frå området, noko som skadar dramafaget i lærings- og utviklingssamanheng.

Forming: Av faglege ferdigheiter i forming blir det avgrensa til teikning, måling og verktøybruk. Dette blir for snevert.

Matematikk:

I barnehagens fagområde "lever matematikkfaget i ein anonym tilværelse" i den forstand at ordet matematikk ikkje er med verken i innhaldslista eller i kapitelloverskrifter.



For å gjere matematikkfaget meir synleg i rammeplanen foreslår me primært at matematikk vert omtala som eige kapittel, eller sekundært, at kapittel 6.5 endrar namn frå "Natur, miljø og teknikk" til "Natur, miljø, teknikk og matematikk". Matematikkfaget bør også få ein meir presis presentasjon i innleiinga til kapittel 6.5. I høyringsforslaget er det berre utvikling av talomgrep som vert omtala. Den "geometriske sida" ved faget bør også vere med i omtalen. I tillegg bør det også i innleiinga leggjast vekt på det matematisk utforskande, eksperimentierende og problemløysande barnet.

Formuleringane om matematikk i kap. 6.5 er isolert sett gode og relevante, men vi saknar ei sterkare vektlegging av det språklege aspektet. Vi føreslår at det under mål, i nest siste strekpunkt vert utvida til:

- utvikler forståelse for tall og mengder, mønster og likhet/ulikhet, form, rom og posisjon, mål og vekt, **og at det vert utvikla solide språklege omgrep innanfor kvart av desse områda.**

Etikk, Religion, Filosofi:

3.1. Vi gjer framlegg om at følgjande setningar blir lagde inn i det eksisterande tekst på tilvist plass:

1. **"Dei etiske grunnverdiane og tradisjonane våre er klårt forankra i kristendommen. Det er viktig å sjå heile denne kulturarven i samheng, slik at barn kan forstå sin eigen kulturelle identitet og kvar dei høyrer heime",** inn etteri det norske folk.
2. **"Barnehagen må ta omsyn til den kulturelle og religiøse tilknytninga til kvart enkelt barn og kvar enkelt heim. Kvar barnehage bør ha si lokale tilpassing og gjenspegle det mangfaldet som finst i barnehagen, slik at barn frå ulike religionar kan få lov til å kjenne seg stolte og glade over sine religiøse røter",** inn før... opplæring i tru er heimen sitt ansvar. Barnehagen skal lære barna om tru og verdier.
3. **"Toleranse og respekt for andre menneske er viktig og bør prege barnehagen"** inn etter ...om tro og verdier.

3.3 Fellesverdier.

...Respekten for liv er grunnleggjande. **Denne finn vi att i den gylne regelen som på ein god måte uttrykkjer prinsippet om gjensidig teneste og likeverd mellom menneske.**

6.6. Etikk, religion og filosofi . Her foreslår vi desse endringane:

Gjennom arbeidet med området religion, etikk og filosofi skal barnehagen hjelpe til med at barna:

- Får kunnskap om og opplever gleder ved dei kristne høgtidene **jul, påske og pinse og tradisjonane som høyrer med.**
- Får erfare at grunnleggjande spørsmål om **liv og død, gud og himmel, og sorg og glede** er vesentlege ved at det blir gitt rikeleg høve til undring og tenking.

Under overskrifta "For å arbeide i retning av desse måla må..." som startar s. 22 og held fram s.23 foreslår vi desse tilføyningane:

- La den kristne kulturarven kome til uttrykk gjennom høgtidsmarkeringar og **bibelforteljingar.**
- **Nytte faste skikkar knytte til høgtider, festar eller årstider, og såleis gje barna grunnlag for tradisjonar som blir førde vidare frå år til år.**

Naturfag:

Ernæring og måltid er fråverande i planen. Mat og måltid er allereie i dag ein viktig del av kvardagslivet i barnehagen og grunnlaget for gode matvanar blir lagde i barnehagen. I måltidet skjer det og mykje metalæring som begrepslæring, samtalen omkring stort og smått, formidling av matkultur, helse og omsorg.

4. SluttkommentarKompetanseheving og utviklingsarbeid i bhg.:

Endrings- og utviklingskompetanse i barnehagen må tydeleggjerast og sikrast gjennom eit relevant og målretta implementeringsprogram. Her blir samarbeidet med høgskulane viktig. Forventningane til ei satsing her ligg tungt inne både frå barnehage – og høgskuletilsette.

Det vert i planen heller ikkje lagt vekt på arbeid blant personalet eller utviklingsarbeid i barnehagen. Vi meiner at barnehagen gjennom dette vil verte svekka som fagleg instans.

Fråfall av teoretisk refleksjonsgrunnlag:

Eit hovudproblem er at planen manglar eit overordna teoretisk / pedagogisk fundament for felles forståing og refleksjon. Det vert lagt lite vekt på overordna perspektiv og grunnlagstenking. Det blir ei handbok i å drive barnehage.

4. Konklusjon

Vi opplever altså planen som ujamn med tanke på vektlegging av ulike område. Det er dessutan uklart for oss på kva grunnlag det skal kome ein ny plan, sidan revisjonsprosessen ikkje baserer seg på ei evaluering av erfaringane med den eksisterande planen. Det er også uklart for oss kva departementet ynskjer å oppnå med innføring av ein ny plan. Dette bør kome tydelegare fram i arbeidet med implementering av planen.

Både synet på barn, vaksenrolle, leiken sin rolle og dei estetiske faga blir i denne planen sett tilbake med flere tiår. Vi ser at ein omfattande gjennomgang, gjennomarbeiding og oppretting av planen på vesentlege punkt som gjeld barnehagens samfunnsmandat, syn på barn, læring, leik og pedagogen si rolle i barnehagen.

Høgskulen i Volda oppmodar kunnskapsdepartementet om å bruke god tid på å utforme revidert rammeplan. Barnehagane lever godt med eksisterande rammeplan ei stund til i påvente av noko betre.

HVO 7. november 2005-11-07

Anne Øie
Dekanus

Britt Loven Øines
studieleiar FU